

Ordføreren tek affære mot salting

Hemsedal-ordføreren vil ha slutt på saltinga i sentrum,

Ordførar i Hemsedal, Oddvar Grøthe (Sp), har fått mange telefonar, men også sjølv sett seg lei på saltinga av Rv52 gjennom Trøim sentrum. No har han skriva brev til distriktsvegsjef Svein Olav Thorvik.

Svineri

– Heile sentrumet blir ei ufyselig saltsørpe som er utrivelig å gå i, skriv Grøthe, og held fram:

– Bilane dreg med seg svineriet frå vegen og inn på plassane.

Ordføreren meinte kommunen hadde ein avtale med Statens vegvesen om å droppe saltinga før Svøo, sjølv om det tidvis har vore ein vanskelig vinter. Han konfronterer no distriktsvegsjefen med avtalen.

Irriterte

Det er mange i Hemsedal som har sett seg lei på at det blir salta gjennom sentrum. Fleire har teke kontakt med ordføreren om dette.

Trafikkfarleg

Standarden på Rv52 er forferdelig dårleg. Mange meiner den rett og slett er trafikkfarleg.

Tone Merete Tho

tmt@hallingdolen.no

– Rv52 er på grensa til det trafikkfarlege. Det var Høgre-representant Odd Holde som kom med dette hjartesukket i førre kommunestyremøte i Hemsedal. Han seier heile strekka mellom Gol og Hemsedal er så dårleg, at den treng forbetring.

Store hol

Også ordførar i Hemsedal, Oddvar Grøthe (Sp), har teke tak i den dårlege veggstandarden. Denne veka sende han brev til distriktsvegsjef Svein Olav Thorvik der han synta til dei mange stygge hola på riksvegen mellom Hemsedal og Gol.

– Det trengst strakstiltak, men det tyder også på at ein må legge ny asfalt til sommaren, skriv Grøthe, og syner til at det er svært stor slitasje på vegen.

Lappa

Vegen vart ytterlegare forverra sist helg, då det var mildt vêr, mykje vatn og stor trafikk på Rv52. Minst tre bilar fekk skader etter å ha køyrt i store hol i vegbanen ved Robru i Gol. Mesta fekk lappa dei verste skadane, men framleis er det hol på hol langs riksvegen.

Som Hallingdølen skreiv tysdag har det vore problem med vegdekket sidan tidleg i vinter. Mesta er førebudd på mykje lapping framover.



Dårleg veg: Folk får bilane sine øydelagt av hol i vegen. (Arkivfoto)

Frustrerte over stengt veg

Innbyggjarane i Lio i Hemsedal fortvilar.

– Me er snart ikkje med i bygda lenger, sa ein lettare frustrert SV-representant, Sylfest Laingen, i førre kommunestyremøte.

– Det er heilt vilkårlig om me kjem oss opp eller ned, for vegen er som regel stengt i Venåsbakken, sa Laingen. Det har vore tallause epi-

sodar der vogntog har blitt ståande og sperre Venåsbakken i vinter. Ifølgje Laingen er situasjonen no så alvorleg, at dei snart må nytte seg av andre framkomstmiddel for å koma seg ned til bygda. Sylfest Laingen bad ordførar Oddvar Grøthe ved eit høve ta opp vegproblema med Statens vegvesen.